



Deltakarjubel i målområdet.

Det deltok 181 deltakarar då idrettslaget Ternen i dag arrangerte Varden opp på Sandvoll. 7 av dei 27 deltakarane i konkurranseklassen kom frå Uskedalen, og dei plasserte seg flott på resultatlistene. Steinar Haugland, Margunn Eik, Stine Saghaug og Veslemøy Haugland vann sine klassar.



Pål Ingmar Haugland stilte i mosjonsklassen saman med ein svært så god venn.

Også i mosjonsklassen var det ein del deltakarar frå Uskedalen.

Det er tydeleg at Varden opp er eit mosjonsløp som har slått godt an. Arrangørane har truffe svært godt med familieprofilen sin, og med variert og kreativt innhald apellerer det til både unge og meir tilårskomne.

Deltakartalet auka kraftig frå 104 i fjor.

Tilskiparane får svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Det var ein tur/eit løp til å koma i godt humør av.

Både underhaldande merking med humørfylte rim, kjekke innlagde leikar, flotte premiar og godt med kaffi og kaker vert nemnt som positive element.

Start var ved Skarveland skule og mål var ved Varden, eit flott utsiktspunkt.



Skikkeleg god kaffi som verkeleg smakte!

Resultat:

Gutar under 17 år

- | | |
|-------------------------|-------|
| 1. Vebjørn Holmedal | 29.51 |
| 2. Torstein Thorkildsen | 31.53 |
| 3. Benjamin Skarveland | 34.25 |

Jenter under 17 år

1. Veslemøy Haugland	33.26
2. Amalie Skarveland	42.59

Gutar 17-20 år

1. Henrik Bauge	24.33
-----------------	-------

Menn 23- 39 år

1. Johannes Heien	25.15
2. Ingvard Sjo	31.06
3. Kenneth Løland	33.31
4. Vegar Saghaug	34.16
5. Steinar Lillevik	38.47

Damer 23 - 39 år

1. Stine Saghaug	31.49
2. Marita Saghaug	37.30

Menn over 40 år

1. Steinar Haugland	26,07
2. Kenneth Blom	26.27
3. Svein Bj. Brendeland	26.49
4. Jostein Saghaug	31.09
5. Iver Blokkum	31.38
6. Idar Bjørgen	32.05
7. Jarle Mehammar	33.11
8. Ove Stokka	34.42
9. Leif Hovden	36.54
10. Pål Haugland	37.15
11. Kurt Haugland	37.26

Damer over 40 år

1. Margunn Eik	29.52
2. Hildegunn Håland	30.35
3. Ingebjørg Eide Ness	34.33



Flott løype med humørfyllt merking.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ternen.